



Ingebjørg og Solveig Haugland tok imot 30 000 til skigruppa

90 000 kroner gjekk til Uskedalen av dei 2,5 millionar som styret i Sparebank 1-stiftinga har fordelt som gåver på 41 lag og organisasjonar i Odda, Kvinnherad og Stord. Uskedalen Utvikling fekk 60 000 til Gamleskulen og skigruppa 30 000 til barne- og ungdomssatsing.

UU skal bruke pengane i 1. byggjetrinn i kjellaren, nærare bestemt til nytt inngongsparti, nytt golv og omleggjing av kloakkleidningen. Skigruppa vil kjøpa inn spesielt langrennsutstyr som dei aktive kan få låna, til dømes rulleski og styrkeapparat. Dei skal og bruke pengar på samlingar for å gjera eit godt miljø enda betre.



Janne Olsson og Berit Harriet Døssland tok imot 60 000 til Gamleskolen

Det kom denne gongen inn 100 søknadar på tilsaman 9,5 millionar.

Dei største summene fekk skisenteret i Fjellhaugen og kulturskolen med 250 000 kvar som skal nyttast til arenabygg/skileikanlegg og flygel i nybygget. Til fast dekke på Husnes stadion fekk Trio 200 000. Nesten halvparten av den utdelte summen gjekk til 7 lag. Dei som fekk tildelt gåve var i kveld invitert til Kulturhuset på Husnes og alle gav uttrykk for stor takksemd over den generøsitet som vart lagt for dagen. Dette var tildeling nummer 3 og det vart presisert at pengane kjem frå SR-bank slik at stiftinga berre formidlar dei.

Pengane går til mange gode føremål og tildelingslista ber bod om stor aktivitet, held styreleiar Svein Arne Eidsvik fram.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Karin Thauland takkar for 250 000 til Fjellhaugen